

STATUTTAR Miniatyrscup med finale SUNNMØR SKYTTERSAMLAGE

Kvalifisering

Alle opne miniatyrstemne som blir arrangert som eit 25- eller 35-skotsprogram stemne er kvalifiseringsstemne til finalen. Dei 4 beste stemna er teljande i kvalifiseringa.

Ettersom at det kan brukast to forskjellige skyteprogram (35-skot og 25-skot) så er det dei 25 første skota som blir teljande uansett program.

Innskot

Det blir krevje inn ein cup-avgift på alle kvalifiseringsstemne. Denne avgifta, som er på 10kr, er lagt på som ein liten ekstra kostnad til det vanlege stemneinnskotet. Denne avgifta gjeld for alle klasser som er med på cupen.

Oversikt over innskot pr. klasse: Arr.avgift + premieinnskot + cup-avgift

Kl. 1-5, V55, V65 og V73: kr. 160,- (70,- + 80,- + 10,-)

Kl. R, ER, J, EJ og NV: kr. 90,- (30,- + 50,- + 10,-)

Kl. NU/JEG/MIL: kr 80,- (30,- + 50,-) Desse klassene er ikkje med i cupen.

Samlaget fakturera det enkelte skyttarlaget med bakgrunn i ant deltakarar på stemnet med kr 10,- pr. deltakar.

Premiering

Det blir premiært etter finalen er avhalden.

Premieoversikt:

Kl. 3-5: Medalje til nr.1 og 2.

Pengepremiering til nr.1 kr.800,- nr.2 kr.600,- nr.3 kr.400,- nr.4 kr.300,- og nr.5 kr.200,-

Kl.V55, V65, V73, NV, 1, 2 og EJ: Medalje til nr. 1 i kvar klasse.

Pengepremiering til nr.1 kr.400,- og nr.2 kr.200,- i kvar klasse.

Kl. R, ER og J: Medalje til nr.1, 2 og 3 i kvar klasse.

Pengepremiering til nr.1 kr.400,- og nr.2 kr.200,- i kvar klasse.

Finale

Det betalast ikkje innskot for å delta i finalen.

Finaleplassar:

I kl. 3-5 er det 15 finaleplassar. Ved lik poengsum om siste finaleplass så deltek alle med same poengsum som nr 15.

I dei andre klassene er det 5 finaleplassar. Her gjelder same regel for siste finaleplass.

Finalistane får tilsendt invitasjon til finalen frå samlagsstyret. Er det meldt forfall til finalen kan neste skyttar på lista ta over finaleplassen til vi oppnår fult finalelag.

Skyteprogram:

Innleiingsvis skal det skytast eit ordinært 25-skotsprogram. Her står arrangøren fritt til å velje mellom 25-skotsprogrammet eller 35-skotsprogrammet sin modell. Deretter blir det arrangert finale etter rangering frå innleiande skyting.

Etter innleiande 25-skot skal det skytast ein svenskeomgang:

Kl. 3-5 og EJ skyt 5 skot kne i serie, deretter skytast det 5 enkle skot ståande .

Kl. V55, kl.2 og kl. Junior skyt 5 skot liggande i serie, deretter skytast det 5 enkelt skot på kne.

Kl. R, ER, NV, V65 og V73 skyt 5 skot liggande i serie, deretter 5 enkle skot liggande.

Det skal vere open skjerm under svenskeomgangen, og det skal kommenterast poengstilling etter 5 skots serien og etter kvart enkelt skot. Omgangen skal også reknast med desimalar. Ved lik poengsum mellom premievinnarar så skal det skytast eit og eit skot til vinnarane er kåra.

Skulle ein EJ bli beste seniorskyttar i finala, så for denne skyttaren 3-5/EJ medaljen. Medalja i klasse EJ går då ut.